

5 år med Tlaren

18.09.2012



Det var godt besøk også i dag og her sit nokon av dei mest trufaste gjestene

**I dag er det 5 år sidan første opningsdagen til tysdagskafeen Tlaren i Gamleskulen. Jubileet har gått hus forbi dei involverte men det er vel verd å markera som eit fint sosialt tiltak ein gong i veka og som ein dugnad det står respekt av.**

**På dei 5 åra har også standarden på kafeen vorte betrakteleg opprusta, sist med lydabsorberande plater i taket som gjer det langt lettare å føra ein samtalé.**

- Utruleg, det visste vi ikkje, heldigvis hadde vi mykje kaker i dag, sa trioen som var på jobb i kafeen i dag og som etter ein gong kunne glede seg over relativt godt besøk. Det har vore bra også på seinsommaren i år.

Men det har naturleg nok ikkje nådd opp til rekordnoteringa frå den siste dagen i juli då damene talde 70 vaksne og 30 ungar. Men det var så stor pågang at dei ikkje fekk med seg alle og det har hendt fleire gonger.

I august og til utii september har besøkstala vore desse:  
 7. august 55 vaksne og 23 born  
 14. august 42 vaksne og 19 born  
 21. august ikkje telleresultat  
 28. august 34 vaksne og 4 born  
 4. september 42 vaksne og 3 born  
 11. september 35 vaksne og 13 born  
 18. september: 34 vaksne og 6 born

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen